

Protokoll frå Årsmøte i Rotary Distrikt 2250

Dato/tid: Mandag 5. oktober 2020 kl 18:00.

Møtestad: Distriktstyret var samla på Stord Hotel, Leirvik. Øvrige deltakarar frå dei respektive klubbane i distriktet deltok digitalt via Google Meet.

Innkalling, sakliste, øvrige saksdokument og informasjon om gjennomføring av årsmøtet var sendt ut til styret og klubbane på førehand.

Desse møtte: Distriktstyret med sekretær og kasserer møtte på Stord Hotel. Digitalt møtte 29 Rotary klubbar.

Saksdokument: Alle saksdokumenter var sendt ut til klubbpresidentane på førehand.

Sak 1: Åpning:

DG Jostein Osnes ynskte velkomen til dette historiske møtet som blir gjennomført digitalt. DG føretok opprop for å registrera antall stemmeberettiga. Det vart registrert 29 klubbar som representerte i alt 47 stemmer. 16 klubbar deltok ikkje.

Sak 2: Godkjenning av fullmakter og stemmetal.

Vedtak:

Fullmakter og stemmeberettiga vart einstemmig godkjent.

Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.

Sak 4: Val av møteiar og sekretær.

Vedtak:

Etter forslag frå Distriktguvernøren vart DGE Claus E. Feyling vald til møteiar. Odd Henry Hommedal vart vald til referent.

Sak 5: Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Vedtak:

Etter forslag frå møteiar vart Terje Steen Edvardsen, Bergenhus RK og Gaute Hadland, Randaberg RK valde til å skriva under møteprotokollen.

Sak 6: Årsmelding og rekneskap.

IPDG Odd Henning Johannessen gjekk igjennom hovudpunkta i Årsmeldinga, som var sendt ut til klubbane på førehand. Odd Henning takka alle klubbane for god innsats i året som har gått. Det kom ingen merknader til årsmeldinga. PDG Ingunn O.

Mossefinn kommenterte at det er viktig at klubbane held fram med å rekruttera ungdomar med tanke på ungdomsutveksling, sjølv om me er inne i Korona pandemien.

Rekneskapen vart presentert av DK Kari Furu. Ho gjorde greie for kven som skal skriva under rekneskapen. Det er det sitjande styret som skal underskriva rekneskapen for føregåande år, iflg. Rekneskapslova. Kari tok for seg ein del av rekneskapspostane med utfyllande forklaring. Momskompensasjon har me ikkje fått siste året fordi Rotary vert sett på som ein lukka organisasjon. Rotary sentralt har sendt klage på dette vedtaket, men myndigheitene har avslått klagen. Det blir på nytt sendt ein anke på vedtaket.

Odd Henning kommenterte at overskotet kr 49.656.09 er foreslått overført til Annual Fund for å at midlane skal stå og forrente seg til komande prosjekter.

Vedtak:

Årsmelding og rekneskap vart einstemmig godkjent.

Styrets forslag tilisponering av overskudd ble einstemmig vedtatt.

Sak 7: Godkjenning av distriktets budsjett for 2020-2021.

DK Per Inge Sætrevik presenterte budsjett for 2020-2021. Det vart stilt spørsmål om det var nødvendig å gjennomføra to store distriktssamlinger kvart år. DGE Claus E. Feyling opplyste at dette er ei sak styret fortløpande vurderer. Det vart stilt spørsmål om midlane til prosjekter låg inne i budsjettet og om kostnadane med Norfo. IPDG Odd Henning Johannessen gjorde greie for at midlane til ulike prosjekt blir forvalta av TRF-komiteen og ligg ikkje inne i driftsbudsjettet. Norfo er ein paraply organisasjon for alle 6 distrikta i Norge med ulike funksjonar som medfører ein del kostnader. DG Jostein Osnes nemde også Ungdoms- og Tiltaksfondet som det kan søkjast midlar frå. Styret vart oppmoda frå forsamlinga om å sjå på ulike måtar å gjennomføra møter på uavhengig av Korona pandemi eller ikkje. Det kom ingen fleire kommentarer eller merknader til budsjettet.

Vedtak:

Budsjett for 2020-2021 vart einstemmig godkjent.

Sak 8: Stadfesting av det valde styret for 2020-2021.

Desse gjelder for Rotary-året 2020-21:

Jostein Osnes:	Distriktsguvernør og styrets leiar
Odd Henning Johannesen:	IPDG og styremedlem
Claus E. Feyling:	DGE og styremedlem
Odd Henry Hommedal	DGN og styremedlem

Desse gjeld for funksjoner som oppnevnt for Rotary-året 2021-22:

Kari Furu: Distriktskasserer
Anne Margrethe Bendiksen: Distriktssekretær

Vedtak:

Forslag ble einstemmig vedtatt.

Sak 9: Val av revisor.

Vedtak:

Revisorselskapet BDO AS vart einstemmig attvalt.

Sak 10: Val av DGN.

IPDG Odd Henning Johannessen tok for seg valet av DGN. Odd Henry Hommedal frå Voss Rotaryklubb vart presentert på PETS i mars 2020 som kandidat til DG for 2022-2023.

Vedtak:

Odd Henry Hommedal vart einstemmig valt til DGN for 2020-2021.

Sak 11: Søknad om å få tildelt TV-aksjonen 2022.

Utgreiing vedkomande søknad om å få tildelt TV-aksjonen var sendt til klubbane på førehand, i tillegg til Forslag til vedtak. Det var også sendt ut ein PowerPoint presentasjon om TV-aksjonen. DGE Claus E. Feyling kom med utfyllande informasjon. Det blir søkt om å få tildelt aksjonen i 2022 som får navnet «En Poliofri verden». Dersom det ikkje lukkast å få tildelt aksjonen i 2022 blir det sendt søknad om å få aksjonen i 2023. Det er normalt at organisasjonar må søkja fleire gonger før ein får tilslaget da det alltid er mange verdige søkere. Årsmøtet må ta stilling til om det skal sendast slik søknad. De tre distrikt i Norge som allerede har hatt årsmøte har gjort vedtak tilsvarende styrets forslag. DGE orienterte om finansieringen av aksjonen. Det må opprettast ein lønna stilling som prosjektleiar. Dette vil kosta 100 kr pr. medlem pr år, som klubbane blir bedt om å delta med. Etter dagens avtale med Bill og Melinda Gates Foundation (BMGF) blir midlar innsamla blant private gjevarar dobbla opp av BMGF dette , så her kan resultatet langt overgå tidlere TV-aksjoner. Rotary i Norge vil utan tvil få mykje og positiv profilering gjennom ein slik aksjon.

Distriktstyret sitt forslag til vedtak var:

1. Distrikt 2250 støtter og stiller seg bak en søknad fra Norfo om å bli tildelt TV-aksjonen med formålet «For en Polio-fri verden». Dette gjelder en søknad for år 2022 samt for år 2023 dersom den første ikke fører frem.

2. Distriktet, gjennom klubbene, er villig til å bidra økonomisk med kr 100,- pr medlem pr år, i maksimum to år.

Vedtak:

Det vart votert over styret sitt forslag, som vart vedteke mot Bergen Rotary Klubb sine 3 stemmer.

Sak 12: Forslag til vedtekter for D2250.

Forslag til vedtekter er utarbeidd og sendt ut til klubbane. Ingen kommentar eller merknader.

Vedtak:

Vedtektene vart vart einstemmig godkjent.

Sak 13: Innkomne saker frå klubbane:

Forslag frå Karmøy RK om Obligatorisk deltaking på PETS for innkomande presidentar. Forslaget var sendt ut til klubbane. IPDG Odd Henning Johannessen gjorde greie for forslaget. Det vart frå fleire klubbar stilt spørsmål om kva kostnader dette kunne dreia seg om for klubbar som ikkje sender representantar til PETS. Det kom forslag om å gjennomføra PETS og andre distriktsmøter digitalt, eller som eit hybridmøte. Klubbar har ulik økonomi og små klubbar kan synast at det vert kostbart å senda representantar på fleire samlingar kvar år. PETS og DK må ikkje leggjast til same tid som skulane har haust og vinterferie. Det kom også kommentarer om at det er svært viktig å møtast fysisk for å bli kjent og møtast i sosiale lag. Sjølv om mange nyvalde presidenter er godt kjende med Rotary, er det viktig å delta på samlingar fordi det stadig skjer nye ting i organisasjonen.

IPDG kommenterte at det sjølv sagt berre er fellesutgifter som skal belastast klubbane, f.eks. leige av møtelokale, foredragshaldrar og reise-/opphold for tillitsvalte.

DGE kommenterte at Styret vurderer alternative måter, varigheit og tidspunkt for gjennomføring av PETS og andre møter. Det blir sett på digitale løysingar, og kombinasjonsløysingar. Styret ber om at klubbane har tillit til at PETS og Distriktskonferansen blir arrangert på ein god og kostnadseffektiv måte.

Vedtak:

Det vart votert over forslaget frå Karmøy Rotaryklubb. Forslaget vart vedteke med stemmer fra 23 klubber med totalt 37 stemmer mot røystene frå Randaberg RK, Sola RK, Bergen Syd RK, Strand RK, Bergen RK, Karmsund RK, med totalt 10 stemmer.

Sak 14: Orienteringssaker:

Det er ynskjeleg at funksjon som Distriktskasserar (DK) blir lagt ut for meir enn eitt år, for å få betre kontinuitet. Styret har vedteke at DK skal ha ei funksjonstid på 3 år.

Vidare har styret vedteke å gå til innkjøp av Rekneskapsprogram og at DK fører rekneskapsprogram fullt og heilt. Då er det ikkje behov for eksternt rekneskapsbyrå og distriktet sparer om lag 20.000 kr i året.

Det er bl.a. med bakgrunn i tidligere innspill fra klubbene om kostnadsbesparelser i distriktet at styret har gjort denne vurderingen

Det ble gjort klart at man vil fortsatt gjøre bruk av autorisert revisor.

Sak 15: Informasjon om neste års PETS og DK.

Videosnutt frå Sokndal Rotaryklubb vart vist.


PETS skal arrangerast i Egersund 12.-14. mars 2021.


Distriktskonferansen skal arrangerast i Egersund 24.-26. september 2021.

Avslutning: DG Jostein Osnes takka for eit godt gjennomført årsmøte og for god teknisk gjennomføring. Takk til møteleiar og deltakarar.

Ingen fleire saker vart handsama og møtet vart heva kl 20:05.

Voss, 15. oktober 2020.


.....
DGN Odd Henry Hommedal
Årsmøtevald referent


.....
Terje Steen Edvardsen, Bergenhus RK
Årsmøtevald underskrivar


.....
Gaute Hadland, Randaberg RK
Årsmøtevald underskrivar